

05a


FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

- 7 OKT. 1994

ÅRSMELDING 1993 FOR FISKERIRETTLEIAREN

I

ASKVOLL, FJALER OG HYLLESTAD



Alden eller Norske hesten i Askvoll kommune.

EI ORIENTERING OM DISTRIKTET

ASKVOLL KOMMUNE

Askvoll som er ein typisk kystkommune i Sogn og Fjordane med ca. 870 øyar og skjær, kan totalt sett reknast som den tredje største fiskerikommunen i fylket.

Askvoll kommune er dominert av fjell, jordbruksområde og livskraftige øysamfunn. Ein tredjepart av innbyggjarane i Askvoll bur på nokre av dei 870 øyane i kommunen som utgjer 21,18 % av det totale flateinnhaldet på ca. 321 m². Dei største øyane i kommunen er Atløy, Værøy, Tviberg, Alden og Bulandet, som er ei øygruppe der dei fleste øyane har veiforbindelse med kvarandre.

Kontoret til fiskerirettleiaren for Askvoll, Hyllestad og Fjaler er som kjent plassert i Askvoll sentrum på Næringskontoret.

Folketetalet var 01.04.91 **3541 innbyggjarar** og av desse var totalt 1724 arbeidstakarar i 1992. Av desse 1724 arbeidstakarane i Askvoll var 141 registrerte som yrkesaktive fiskarar (blad B) ved slutten av 1993.

Storparten av fiskarane i Askvoll har fiske som eineyrke; 72,68 % (blad B). Dette tilseier at ca. 8,3 % av arbeidstakarane i Askvoll er direkte knytt til sjølve fisket. I tillegg til dette kjem dei som har vore yrkesaktive fiskarar, eller driv fiske på deltid (blad A) og arbeidsplassar inndirekte knytta til fiske (fiskeindustri, fiskemottak, verkstad osv).

Dei største enkeltverksemndene i Askvoll er elles Klausen Mekaniske Verkstad A/S og A/S Helle Fabrikker med til saman ca. 130 arbeidsplassar.

FJALER KOMMUNE

Før kommunereguleringa hadde ikkje Fjaler kommune nokon lang grense mot sjøen. Etter kommunereguleringa fekk Fjaler derimot 3 fleire oppdrettsanlegg og ein god del fiskarar samt eit kystområde som praktisk talt går ut mot havet. Etter kommunereguleringa i 1990 har Fjaler fleire fiskebåtar og yrkesaktive fiskarar enn Hyllestad.

Innbyggjartalet i Fjaler er **ca. 2500 personar**.

Det er ein kommune med variert natur og næringsliv som satsar på å marknadsføre seg sterkt som ein kulturkommune.

I dei fleste kystkommunane har fiske og landbruk tildlegare vore ein viktig kombinasjon, den såkalla "fiskarbonden". Fiskeriaktiviteten i Fjaler er meir prega av denne kombinasjonen enn i Askvoll der storparten av fiskarane har fiske som eineyrke.

HYLLESTAD KOMMUNE

Hyllestad vert som Askvoll geografisk å rekna for ein kystkommune, men dei heilt typiske kystområda med øyer og skjær er begrensa til den nordvestlege delen av kommunen.

Hyllestad er ein stor oppdrettskommune med 6 matfisk og 6 klekkeri/settefiskkonsesjonar. Kystlinja langs fastlandet i Hyllestad er 118 km lang og kommunen har eit flateinnhald på ca. 260 km².

Folketalet i Hyllestad pr. 01.01.91 var **1733 innbyggjarar**. Talet på innbyggjarar har gått jamt nedover sidan midten av 1980-åra. Hyllestad har eit dramatisk kvinneunderskot, og i aldersgruppa 20-29 år er det registrert 45 % meir menn enn kvinner.

Kart over kommunane.




Fig. 1

1.0 SAMANDRAG

1993 var eit år med større optimisme enn på lenge. Silda var i sterk vekst og snittprisane var høgare. Eit særtrekk som gjekk igjen i heile 1993 var at fiskeprisane her i fylket generelt låg noko lavare enn f.eks. på mørrekysten. Årsakene til dette kan vere mange, men etterspurnaden og konkurransen mellom oppkjøparane er større på mørrekysten enn i Sogn og Fjordane. Nedgangen i renesatsen i dei private bankane bidrog ytterligare til auka optimisme blant fiskarane.

Leveringsvanskane for seinotfiskarane var vanskelege i 1993, men ikkje så ille som året før. Sjøtemperaturen om sommaren 1993 var ikkje så høg som året før og seien tolte difor betre å gå i lås over lengre tid.

Fiskerirettleiaren har merka den auka optimismen på den måten at fleire tek kontakt for å diskutere ombyggingar, nybygg, lånevilkår, finansiering, støtte osv.

Oppdrettsnæringa hadde eit relativt bra år i 1993. Fleire av oppdrettarane sette ut smolt på nye lokalitetar eller lokalitetar som hadde lege brakklagde ei tid. Det var lite sjukdom på laksen og veterinarane rapporterte om stor reduksjon i medisinbruken. Tilveksten var svært god og prisane var også høgare i snitt enn dei har vore dei siste åra. Alt i alt kan ein seie at 1993 var brukbart år som forhåpentligvis markerer at oppdrettsnæringa no er på veg oppover frå ein bølgedal med sjukdom, overproduksjon, låge prisar og mange konkurser.

2.0 SYSSELSETJING I NÆRINGA:

2.1 SYSSELSETTING I FISKEFLÅTEN:

Statistiske opplysninger frå fiskarmanntalet pr. 31.12.93.

Antal fiskarar fordelt på alder i dei ulike kommunane. Basert på tal frå Fiskeridirektoratet:

BLAD A Aldersfordeling							Tot.
	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60->	
Askvoll	0	0	1	4	4	44	53
Fjaler	1	4	1	1	3	2	12
Hyllestad	0	0	1	0	1	6	8
Totalt A	1	4	3	5	8	52	73
BLAD B Aldersfordeling							Tot.
	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60->	
Askvoll	6	38	33	22	24	18	141
Fjaler	0	10	0	2	0	1	13
Hyllestad	3	0	2	2	1	0	8
Totalt B	9	48	35	26	25	19	162
Totalt A og B	10	52	38	31	33	71	235


Fig. 2

Statistikken ovanfor viser at det totalt blad A og B var **11 ferre fiskarar** ved slutten av året 1993 enn ved slutten av året før (235 mot 246). Tala ovanfor viser eit sprik i høve antal fiskarar i registeret til fiskerirettleiare (nest side). Årsaka til dette er ikkje sikkert, men kan skyldast feil i statistikken til Fiskeridirektoratet.

**FISKARMANNTAL FOR ASKVOLL KOMMUNE PR. 31.12.93
FORDELING PR. POSTNR.**

Antal fiskarar på blad A og B


6970 Stongfjorden	8
6976 Kvammen	12
6980 Askvoll	6
6982 Holmedal	3
6983 Kumle	22
6985 Atløy	26
6986 Værlandet	37
6987 Bulandet	70
Totalt antal	184



**FISKARMANNTAL FOR FJALER KOMMUNE PR. 31.12.93
FORDELING PR. POSTNR.**

Antal fiskarar på blad A og B


6810 Dale	3
6995 Hellevik	4
6994 Fure	1
6990 Korssund	6
6820 Flekke	1
6828 Straumsnes	2
Totalt antal	17



**FISKARMANNTAL FOR HYLLESTAD KOMMUNE PR. 31.12.93
FORDELING PR. POSTNR.**

Antal fiskarar på blad A og B

5940 Leirvik i Sogn	1
5942 Hyllestad	8
5944 Sørbøvåg	5
Totalt antal	14



Totalt i alle kommunene:

215 fiskarar

Tilhøvet mellom antal fiskarar sortert etter dei ulike postdistrikta i kommunen (figur på sida framfor) har endra seg noko i høve året før. Statistikken viser at Bulandet og Værlandet er og svært avhengig av dei arbeidsplassane som kjem frå fiske, noko som ikkje er unaturleg.

Fiske er det einaste yrket som kan oppretthalda busetnaden på desse plassane.

Utviklinga i antal fiskarar dei siste 9 åra. Kun tilgjengeleg statistikk for Askvoll kommune (tala er ved **starten** av kvart år).

Årstal:	1984	1986	1988	1990	1992	1993
Blad A	57	58	57	48	40	53
Blad B	195	211	210	175	162	141
Totalt	252	269	267	223	202	194

Fig. 3

Når ein ser på den generelle utviklinga i fiskarmanntalet for Askvoll kommune, (fig. 2) viser den ein klar nedgang i statistikken frå 1982. Som vi ser i statistikken var det eit oppsving fiskeria i 1986 som viser seg i form av at interessa for å vere fiskar var større (fleire meldte seg inn i fiskarmanntalet). Sidan 1986 viser manntallstatistikken ein nedgang i antal fiskarar.

Når det gjeld Hyllestad og Fjaler har fiskerirettleiaren få tal å laga statistikk på, men til kome tilbake til dette i seinare årsmeldinger. Det er, og har vore, relativt få registrerte fiskarar i desse kommunene. Trenden er elles den same i desse kommunane når det gjeld utviklinga i fiskarmanntalet. Statistikken viser ein nedgang i antal fiskarar i høve året før.

Totalt i heile fylket pr. 31.12.93 var det 1521 fiskarar på blad A og B fordelt slik:

<u>Blad A</u>	<u>Blad B</u>
376 fiskarar	1145 fiskarar

Dette er **93 ferre** enn på samme tid året før.

I fylkessamanheng hadde Askvoll 14,1 % av fiskarane på blad A og 12,3 % av fiskarane på blad B i 1993.

2.2 SYSELSETTING I FISKEINDUSTRIEN:

Når det gjeld sysselsetting i fiskeindustrien vert denne framstilt i årsmeldinga for 1993 på same måte som i årsmeldinga for året før då det ikkje er større endringar i desse tala.

Fiskerirettleiaren har valt å ta med slakte/pakkestasjonar for oppdrettsfisk som fiskeindustri. I statistikkane for sysselsetting er difor **alle** verksemder som arbeider med fisk, tekne med.

Den **direkte** sysselsettinga innan fiskeindustrien 1993 vert som følgande:

ASKVOLL

FISKEMOTTAK:	Antal årsverk
Bulandet Fiskeindustri A/S	9 (15 fast tilsette + 15 sommervikarer)
Nikøy A/S, Bulandet	1
Tviberg fiskemottak A/S, Atløy	1,5
Sundfisk A/S, Flokenes	1
HERMETIKK:	
Sigurd Løkeland Hermetikkfabrikk	11 (ca. 20 tilsette i krabbesesongen)
ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:	
Landøy Fiskeoppdrett, Værlandet	0 (slakta ikkje laks i 1993)
Sundfisk A/S, Flokenes	5 (ca. 12 tilsette i periodar med slakting)
Totalt antal årsverk:	28,5

FJALER

FISKEMOTTAK/LAKSES LAKTERI:	Årsverk
Fure Edelfisk A/S, Grytøyra	0 (tok ikkje mot kvitfisk i 1993)
ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:	
Fure Edelfisk A/S, Grytøyra	5
Hatløy Fiskeoppdrett A/S, Korssund	5
Totalt tal sysselsette:	10

NB! Antal årsverk nevnt ovanfor innan slakting/pakking av laks (5 årsverk) er eit reint gjennomsnittleg erfaringstal basert på statistikk laga av Fiskeridirektoratet.

HYLLESTAD

I Hyllestad var det i 1993 framleis ingen registrerte fiskemottak. Dei som er tekne med her er difor mottaks- og pakkeanlegg for laks.

ANLEGG FOR SLAKTING/PAKKING AV LAKSEFISK:	Antal årsverk
Fjordfisk A/S, Sørbøvåg	2
Leif Hatlem Fiskeoppdrett A/S, Hyllestad	5
Edgar Hatlem, Sørbøvåg	0 (slakta ikkje fisk i 1993)
Totalt tal sysselsette:	7

2.3 SYSSELSETTE I HAVBRUKSNÆRINGA:

Oversikta over **direkte** sysselsetting innan havbruksnæringa er omlag den same som i 1992. I denne oversikta er tala for avleia verksemd kun rekna ut frå tala på dei som er **direkte sysselsett** i havbruksnæringa. Tala for direkte sysselsetting er frå Fiskeridirektoratet og er baserte på innsamling av statistiske opplysningar (innleverte skjema med nøkkeldata).

Kommune:	Ant. anlegg	Årsverk	Avleia verksemd
ASKVOLL	6 matf.	23	66
FJALER	5 matf.+ 1 smolt	23	66
HYLLESTAD	6 matf.+ 6 smolt	46	138
Til saman:		ca. 92	ca. 270

Fig. 4

Gjennomsnittlege årsverk pr. anlegg:

Matfisk: 3,8 årsverk pr. anlegg.

Setjefisk: 3,9 årsverk pr. anlegg.

Avleia/indirekte verksemd: 3 årsverk pr. årsverk.

NB! Tala for direkte og indirekte verksemd innan havbruksnæringa er baserte på verdiar frå Fiskeridirektoratet for gjennomsnittlege årsverk, rekna for heile fylket. Antal årsverk i statistikken ovanfor er difor ikkje nøyaktige tal.

Indirekte arbeidsplassar som ein følge av oppdrettsnæringa er til dømes innan transport, fôrproduksjon, eksportørar, produksjon og sal av nøter, tauverk, merdar og anna utstyr. Dette gjeld både innafor og utafor kommunen.

Oppdrettsnæringa kan difor kanskje seiast å være meir viktig i desse kommune enn folk flest trur med tanke på verdiskapning og arbeidsplassar.

3.0 FISKEFLÅTEN:

Nøkkeltal frå merkeregisteret pr. 31.12.93 (Fjaler pr. 01.04.92):

Lengde i meter	ASKVOLL	FJALER	HYLLESTAD
0,0 - 4,9	5	1	0
5,0 - 9,9	114	11	8
10,0 - 14,9	11	3	0
15,0 - 19,9	5	0	0
20,0 - 24,9	3	0	0
25,0 - 29,9	0	0	0
30,0 - 34,9	0	0	0
35,0 - 39,9	1	0	0
40,0 - 44,9	0	0	0
45,0 - 49,9	0	0	0
50,0 og over	0	0	0
Totalt:	139	15	8

Fig. 5

Tala for Askvoll og Hyllestad er baserte på statistikk frå Fiskeridirektoratet. Dei statistiske opplysningane om merkeregisteret for Fjaler er henta frå "Register over merkepliktige norske fiskefarkoster" då fiskerirettleiaren ikkje har fått tilsendt desse tala frå Fiskeridirektoratet.

Dersom ein ser på statistikken for merkeregisteret i Askvoll, ser vi at det er ein stor reduksjon i antal fartøy sidan 1992 (139 mot 181året før). Årsaka til dette er at fiskerirettleiaren i 1993 hadde ein "ryddeaksjon" i merkeregisteret og sletta alle dei fiskeriregistrerte fartøya der eigarane ikkje lenger stod i fiskarmanntalet. Det vart totalt sletta over 40 fartøy.

Alder på fiskefartøya i Askvoll kan visast på denne måten:

Lengde	Før 1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-84	1985-89	Et. 1989
0,0 - 4,9			1		2		2	
5,0 - 9,9	3	6	11	26	21	30	8	1
10,0 - 14,9	2			2	4	2	1	
15,0 - 19,9		1	1	1	1	1		
20,0 - 24,9			1	2				
25,0 - 29,9								
30,0 - 34,9							1	
35,0 - 39,9								
40,0 - 44,9								
45,0 - 49,9								
50,0 og over								
	5	7	14	31	28	33	12	1

Fig. 6

I tillegg til fartøya ovanfor er det 8 fartøy frå 5,0 - 9,9 meter som har ukjent alder.

Oversikt over byggemateriale i båtane frå Askvoll i 1993 kan framstilla slik:

Stål 5 båter

Tre 80 båter

Plast 54 båter

(Alle båtane av stål er større enn 15 meter).

Fartøy med kvote for fiske etter torsk i 1993 (nord for 62 gr.n.br.):

FARTØY	KVOTE i 1993
SF-6-A "SJØVÆR", Bulandet	179,4 tonn
SF-23-A "STORØY", Stongfjorden	28,5 tonn
SF-147-A "BUEFJORD", Bulandet	83,7 tonn
SF-210-A "HEGGØY JR.", Atløy	110,4 tonn
SF-300-A "GOLDEN DOLLAR", Bulandet	110,4 tonn
SF-333-A "TJELLNES", Værlandet	74,5 tonn
<u>SF-30-A "GULLREGN", Atløy</u>	<u>22,1 tonn</u>
Til saman	<u>609,0 tonn</u>

Antall tonn pr. båt vist ovanfor er i rund vekt ifølge J-210-92 (forskrift). Dette er 113,4 tonn meir enn året før. Denne auka skyldast større enhetskvoter til kvart fartøy med fartøykvote, på grunn av større torskebestand.

Fartøy over 13 meter. Grov oversikt over fiskeriaktivitet i 1993:

SF-6-A "SJØVÆR" - Autolinefiske. Einaste havgåande linebåt i Askvoll.

SF-97-A "BASTVIK" - Kystfiske.

SF-50-A "VESTØY" - Kystnøt. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.

SF-68-A "EIME" - Kystfiske med garn etter torskefisk, pigghå og breiflabb.

SF-97-A "WESTERVON" - Kystnøt. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.

SF-147-A "BUEFJORD" - Kystfiske med garn og not. Har torskekvote. Har i 1993 også dreve ein del med fiske etter breiflabb.

SF-148-A "GRETA ELIN" - Fiske med not etter brisling og sild.

SF-210-A "HEGGØY JR." - Notfiske etter brisling og kystfiske med garn/not etter sild, makrell og sei. Har torskekvote.

SF-220-A "HILLERSØY" - Kystnøt. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale.

SF-300-A "GOLDEN DOLLAR" - Kystnøt. Fiske med not etter sild, makrell og sei/pale. Har i tillegg torskekvote.

SF-333-A "TJELLNES" - Kystfiske med garn og line etter torskefisk, pigghå og breiflabb. Har torskekvote.

Det var i 1993 ingen merkeregistrerte båtar over 13 meter i Hyllestad og Fjaler.

3.1 LEVERANSAR FRÅ DEN LOKALE FISKEFLÅTEN

Fiskeflåten som hører heime i Askvoll leverte i 1993 fangstar til ein verdi av 13.856 mill. i Sogn og Fjordane og 16.708 mill. utanfor fylket.

Samla i 1993 leverte fiskeflåten frå Askvoll fangstar til ein verdi av 30.564 mill. kr.

Fiskeflåten heimehøyrande i Askvoll sine leveringar i **Sogn og Fjordane**

Torsk	74 tonn (1,55%)
Sei	1365 tonn (28,63%)
Hyse	27 tonn (0,57%)
Lange/brosme	229 tonn (4,80%)
Pigghå	43 tonn (0,90%)
Sild	1655 tonn (34,71%)
Makrell	1169 tonn (24,52%)
Skalldyr	45 tonn (0,94%)
Anna (uspesifisert)	160 tonn (3,36%)
Totalt	4767 tonn (100%)

Fordeling av fangstar ut frå storleik på fartøy

Stoleik	Antal fartøy	Fangstmengd
5 - 9,9 m	53	369 tonn (7,7%)
10 - 14,9 m	9	288 tonn (6,0%)
15 - 19,9 m	5	518 tonn (10,8%)
20 - 24,9 m	3	2827 tonn (59,3%)
Uoppgett/ anonyme.		765 tonn (16,0%)
Totalt	70	4767 tonn (100%)

Fig. 8

Fig. 7

Statistikken ovanfor er henta frå Fiskeidirektoratet sin fiskeristatistikk.

Totalt 70 fartøy frå Askvoll leverte fangster i Sogn og Fjordane i 1993 og 22 fartøy frå Askvoll leverte fangster utanfor Sogn og Fjordane.

Fordelt på reiskap vart 75 % av fangstane levert i Sogn og Fjordane fiska med not. 19,2 % fiska med garn og 4,3 % med line. 1,6 % vart fiska med andre reiskaper som juksa, andre krokrekspaper og ruser/teiner.

Same statistikk som på sida framfor, men basert på fiskeflåten heimehøyrande i Askvoll sine leveringar **utanfor Sogn og Fjordane**

Torsk	707 tonn (15,1%)
Sei	420 tonn (9,0%)
Hyse	41 tonn (0,9%)
Lange/brosme	475 tonn (10,1%)
Pigghå	5 tonn (0,1%)
Sild	734 tonn (15,6%)
Makrell	2273 tonn (48,4%)
Anna (uspesifisert)	38 tonn (0,8%)
Totalt	4692 tonn (100%)

Fordeling av fangstar ut frå storleik på fartøy

Stoleik	Antal fartøy	Fangstmengd
5 - 9,9 m	8	153 tonn (3,3%)
10 - 14,9 m	6	122 tonn (2,6%)
15 - 19,9 m	5	2166 tonn (46,2%)
20 - 24,9 m	3	1392 tonn (29,7%)
Uoppgitt/ anonyme.		858 tonn (18,3%)
Totalt	22	4692 tonn (100%)

Fig. 10

Fig. 9

Storparten av fangstane (70,2 %) levert **utanfor fylket** er fiska med not. 14 % med garn og 15,1 % med line. Mindre kvantum vart fiska med andre reiskap som snurrevad m.m.

NB! Ein gjer merksam på at all statistikken ovanfor (fig. 7, 8, 9 og 10) er baserte på førebelse, ukorrigerte tal frå Fiskeridirektoratet (Statistikkontoret) og kan difor innehalde feil.

4.0 FISKEINDUSTRIEN:

Det var i 1993 ingen endringar i struktur og plassering på mottakssida i høve året før. Storparten av dei lokale fiskemottaka i Askvoll fekk elles omfattande pålegg/krav frå Fiskeridirektoratets Kontrollverk i mai 1993. Dette leia til at særleg dei mindre verksemndene vart stilt ovanfor eit veiskille. Naudsynte investeringar og framleis drift vart vurdert opp mot nedlegging av drifta.

Nedlegging av eit eller fleire lokale fiskemottak, som siste konsekvens av pålegga frå Kontrollverket, hadde fått store følgjer for den lokale sjarkflåten. Heldigvis valte alle fiskemottaka førebels å halde fram drifta med dei investeringar og endringar i drifta dette fører med seg.

I tillegg til pålegga frå Kontrollverket vart det i 1993 klart at Hallvard Lerøy A/S kom til å innstille drifta med fiskefrakteruta "ARNØYSTEIN" ved årskiftet 1993/94.

1993 kan difor seias å ha vore eit skjebneår for dei lokale fiskemottaka. Det som skjedde i 1993 og utfallet av desse pålegga vil truleg påverke framtida til dei lokale fiskemottaka i mange år framover.

Foredlingsanlegg i Askvoll:

A/S Nikøy Fiskemottak , Bulandet

Fiskemottaket A/S Nikøy tok i mot fangstar frå lokale båtar/sjarkar. Storparten av fangsten vart isa i kasser og sendt til Bergen med fiskefrakteruta "ARNØYSTEIN". Fiske etter breiflabb gav ein del auka aktivitet i 1993 for Nikøy Fiskemottak. Ein mindre del av fisken vart solgt direkte til kunder i fylket.

Tviberg Fiskemottak A/S, Atløy

På same måte som A/S Nikøy tok dei i mot fangstar frå mindre fiskebåtar i distriktet. Storparten av fisken vart isa i kassar og sendt fersk til Bergen med "ARNØYSTEIN".

Sundfisk A/S, Flokenes

Nils Sund har eit kombinert lakseslakteri og fiskemottak på Flokenes, som var i drift på same måte som før. I tillegg til slakting av laks vart det også landa fisk frå lokale båtar. Både laks og anna fisk isa i kasser vart send til Bergen med "ARNØYSTEIN". Storparten av den slakta og pakka laksen vart elles send med bil.

Bulandet Fiskeindustri A/S, Bulandet

Tok i mot sild og levande sei/pale for filétproduksjon. Produkta deira vart vidaresolgt hovudsakleg på innlandsmarknaden av Hallvard Lerøy A/S i Bergen som er medeigar i Bulandet Fiskeindustri A/S. Hausten 1993 sette ei arbeidsgruppe i gang med arbeid for å få til nyt industribygg til Bulandet Fiskeindustri A/S. Arbeidsgruppa fekk ved hjelp av BU-midler utarbeidd eit forprosjekt som vart presentert for fylkestinget hausten 1993. Dette forprosjektet vart utarbeidd av Sivilingeniør Ragnar Hagen A/S i Måløy.

Askvoll kommune engasjerte seg etter kvart i sterke prosjekter, og tok over ansvare for framdrifta etter arbeidsgruppa hausten 1993. Dette var elles ein naturleg del av prosessen då næringsbygget var planlagt med ein betydeleg kommunal andel.

Foredlingsanlegg i Fjaler:

Fure Edelfisk, Grytøyra

Det vart i 1993 ikkje teke mot kvitfisk frå lokale fiskebåtar/sjarkar på Fure Edelfisk. Anlegget vart difor hovudsakleg brukt til slakting/pakking av laks.

I Hyllestad var det i 1993 framleis ingen foredlingsanlegg/mottak for kvitfisk.

5.0 RÅSTOFFSITUASJONEN/ILANDFØRT KVANTUM:

Totalle leveringar av fisk i Askvoll i 1993.

Fiskeslag:	Mengde i tonn	Verdi i 1000 kr.
Torskefisk (sei, torsk, lange m.m.)	1.558	4.282
Sild og brisling	1.659	1.909
Makrell	40	135
Skalldyr	100	625
Andre arter	172	1.610
Totalt	3.529	8.561

Fig. 11

I Hyllestad og Fjaler vart det ikkje motteke kvitfisk i 1993.

NB! Ein gjer merksam på at all statistikken ovanfor (fig. 11) er baserte på førebelse, ukorrigerte tal frå Fiskeridirektoratet (Statistikkontoret) og kan difor innehalde feil.

Fisken i tabellen på sida framfor (fig. 11) vart med få unntak fersk og isa til Bergen med frakteruta "Arnøystein". Slik sett er det få endringar i fiskeindustrien i høve året før. Det er i hovudsak Balandet Fiskeindustri A/S som driv med vidareforedling av fisk i større omfang i Askvoll.

Det er då snakk om notfanga og låssatt levandesei (pale).

Rekna i kvantum (ilandbrakt fangstmengde) er Askvoll den fjerde største fiskerikommunen i Sogn og Fjordane.

6.0 HAVBRUKSNÆRINGA:

Når det gjeld tal konsesjonar og totalt volum for laksefisk er det ingen endringar i desse kommunane i høve året før.

Oversyn over tal matfiskkonsesjonar for laksefisk i desse kommunane og samla volum:

ASKVOLL	Volum
Vilnes Fiskeoppdrett A/S, 6985 Atløy	5000 m ³
Værøy Fiskeoppdrett A/S, 6986 Værlandet	12000 m ³
Landøy Fiskeoppdrett A/S, 6986 Værlandet	12000 m ³
Flokenes Fiskefarm A/S, 6976 Kvammen	12000 m ³
Sund Fisk A/S, 6976 Kvammen	12000 m ³
Sandøy Fiskeoppdrett A/S, 6987 Bulandet	12000 m ³
Sum	65000 m³

FJALER

Gjølanger Fisk A/S, 6995 Hellevik	12000 m ³	+ kons. for 1.000.000 settefisk
Sessalaks A/S, 6995 Hellevik	12000 m ³	
Hatlo Fiskeoppdrett A/S, 6990 Korssund	12000 m ³	
Lammetun Fiskeoppdrett A/S, 6990 Korssund	12000 m ³	
Sandnes Fiskeoppdrett A/S, 6994 Fure	12000 m ³	
Sum	60000 m³	

HYLLESTAD

Fjordfisk A/S, 5944 Sørbøvåg	12000 m ³	+ kons. for 130.000 settefisk.
Hatlem L. Fiskeoppdrett A/S, 5942 Hyllestad	12000 m ³	
Edgar Hatlem , 5944 Sørbøvåg	12000 m ³	+ kons. for 20.000 settefisk.
Aris Fiskefarm A/S, 5942 Hyllestad	12000 m ³	+ kons. for 400.000 settefisk
Port Salar A/S, 5944 Sørbøvåg	12000 m ³	
Sognelaks A/S, 5942 Hyllestad	12000 m ³	
Sum	72000 m³	

Totalt volum i Askvoll, Fjaler og Hyllestad 197000 m³ (dette gjeld oppdrett av laksefisk)

Det var i 1993 **to** konsesjonar for settefisk i Hyllestad, **i tillegg til dei som er nevnt ovanfor.**
Dette er Ulvik Settefiskanlegg med 400.000 stk. og Hatlem Aquafarm A/S med 150.000 stk.
Samla i 1993 var det i Hyllestad konsesjonar for produksjon av 1.100.000 settefisk.

Når det gjeld konsesjonar for oppdrett av **andre arter enn laks og aure**, er det hovudsakleg snakk om konsesjonar for oppdrett av torsk. Pr. 31.12.93 var følgjande konsesjonar gjeldande:

ASKVOLL

	Volum:
Sund Fisk A/S, 6976 Kvammen	5000 m ³
Are Fisk A/S, 6987 Bulandet	1000 m ³
Nikøy Petter, 6987 Bulandet	1000 m ³
<u>Stongfjord Marinefarm, 6970 Stongfjorden</u>	1000 m ³
Norøy Sus., 6987 Bulandet	4000 m ³
Sum	12000 m³

HYLLESTAD

Nesneset fisk	1000 m ³
---------------	---------------------

Samla volum for 1993 i Askvoll og Hyllestad 13000 m³ (oppdrett av andre artar enn laks og aure).

I **Fjaler** var der i 1993 ingen som hadde konsesjon på oppdrett av andre artar enn laks og aure.

Antal anlegg i drift i 1993 og samla produksjon/salg av slakta fisk (laks og aure):

	Ant. kons.	Prod (tonn)		Verdi (mill. kr.)		Gj. pris (kr.)	
		laks	aure	laks	aure	laks	aure
ASKVOLL	5	1214		33.2		27,31	
FJALER	4	907	30	28.5	0.6	31,40	19,06
HYLLESTAD	5	765	342	20.8	9.3	27,13	27,30

Fig. 12

Kjelde: Fiskeridirektoratet (statistikk basert på innsende skjema med nøkkeldata)

Til samanlikning kan ein nevna at gjennomsnittleg pris i 1993 (basert på førstehandsverdi) i heile fylket var 26,80 kr/kg for laks og 22,91 kr/kg for aure. Dette er i følge oppgaver sendt til Fiskeridirektoratet.

7.0 ANDRE OPPLYSNINGER

Arbeidet med ein kystsoneplan for Askvoll kommune pågjekk i heile 1993. Planen var å sende kystsoneplanen ut til høyring før jul, men det log seg ikkje gjere.

Norway Foods Ltd. A/S la ned drifta i fabrikken i Askvoll frå 1. januar 1993. Dette gjorde at Askvoll fekk ca. 70 færre arbeidsplassar innan fiskeindustrien dette året.

I tillegg til dette fekk dei fleste fiskeverksemndene i Askvoll omfattande pålegg etter ein kontrollrune av Fiskeridirektoratets Kontrollverk. Alle fiskemottaka (verksemndene) satte etter dette i gang utbetringsarbeid for å kunne tilfredsstille krava frå Kontrollverket, og dei fleste verksemndene planlegger omfattande utbetringer for betre å kunne stå rusta mot auka konkurransen og strengare krav i framtida.

Når det gjeld fiskerinemndene for Askvoll, Hyllestad og Fjaler var det ingen endringar i samansetjinga i høve året før.

Askvoll fiskerinemnd består av: Norvald Fedøy, Balandet, formann.
Eva Sund, Kvammen, nestformann.
Tore Hillersøy, Balandet.
Inge Storehaug, Kvammen.
Aud Sandøy, Balandet.

Varamedlemer i prioritert rekkefølge:

1. Knut M. Landøy, Værlandet.
2. Tore Landøy, Værlandet.
3. Wenke Landøy, Værlandet.
4. Atle Fedøy, Balandet..
5. Inger Lise Saltskår, Atløy.

Hyllestad og Fjaler fiskerinemnd består av:

Oddvar Herland, Sørbøvåg, formann.
Rolf B. Aralden, Korssund, nestformann.
Haldis Steinset, Guddalen.
Leif Hatlem, Hyllestad.
Irene Bøe, Hyllestad.

Personlege varamedlemmer:

Dagfinn Dumben, Sørbøvågen.
Leif Hatløy, Korssund.
Geir Grytøyra, Fure.
Edgar Hatlem, Sørbøvågen.
Sølvi Hatlem, Sørbøvågen.

I Askvoll fiskerinemnd vart det halde eit telefonmøte og to ordinære møter i 1993 der fiskerinemnda handsama totalt 13 saker.

I Hyllestad og Fjaler fiskerinemnd vart det halde eit telefonmøte og to ordinære møter i 1993 der fiskerinemnda handsama totalt 12 saker.

Askvoll 19.09.94

Fiskerirettleiaren i Askvoll og Hyllestad



Eivind Aarseth